

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 19.2. 2018

P R E S S E M E L D I N G

Tilskot til 13 prosjekt på styremøtet 15. februar

Til fristen 1. februar mottok Stiftinga G-Kultur 24 søknader om prosjekttilskot, og på styremøtet 15. februar vart det vedteke å gje tilskot til 13 prosjekt med eit samla beløp på 100.000 kr.

:/: På side 2 i denne meldinga er oversikt over dei som fekk tilskot.

Neste søknadsfrist 1. februar 2019

Det er berre éin søknadsfrist til G-Kultur både i 2018 og 2019, og neste søknadsfrist er såleis 1. februar 2019.

Skriveprosjekt 2018-2019

G-Kultur startar nå planlegging av eit skriveprosjekt, der vi vil invitere unge skribentar og forfattarar i alderen 16-30 år med tilknytning til Gudbrandsdalen om å sende inn bidrag. Utlysing av og informasjon om denne satsinga kjem seinare.

Avvikling av Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur blir avvikla i 2020, 100 år etter at Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta. Styret tek sikte på å kunne invitere til eit kulturarrangement i februar 2020 i samband med 100-årsmarkeringa av Gudbrandsdalslaget og avviklinga av G-Kultur.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar

knut.hovslien@online.no / 9719 5148

Kjell Austin, sekretær

kaustin@online.no / 4150 9460

Lars Ole Ørjaseter, kasserar

lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406

Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, som vart nedlagt i 2013, og har blant anna som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Neste og siste søknadsfrist er 1. februar 2019.

Oversikt prosjekttilskot >

STIFTINGA G-KULTUR

Prosjekttilskot 15. februar 2018

Jon Iver Myren og Johnny Vaet Nordskog	15.000 kr til Harpefoss Hardcorefestival i september 2018.
Diktardagar	15.000 kr til Diktardagar i Lom, Skjåk og Vågå 30.8.-2.9. 2018.
Gudbrandsdalsmusea	5.000 kr til ferdiggjering av utstilling om Ringebu prestegard, prestane og hagen.
Plateselskapet ta:lik	5.000 kr til produksjon av CD med arkivopptak frå Fron.
Lomsrussen	7.000 kr til Russerevy i mars 2018.
Vågå Trekkspelklubb	5.000 kr til toradarkurs for nybyrjarar i alle aldrar.
Mari Brenna	5.000 kr til «På scena i Utgard i Lundagrend», konsertar 2018.
Lom folkebibliotek	10.000 kr til «Klar ein klassikar», 25 beste norske 2013-2017, formidlingsprosjekt 2018.
Øykjelykkjesetra, Simen Skoe	5.000 kr til konsertserie sumaren 2018.
Øyer og Tretten Historielag	10.000 kr til seterbok for Øyer, med hovedvekt på 1900-talet (øyremerka tilskot).
O.M. Sandvik Gudbrandsdalsjubileum	8.000 kr til nytrykk og markering av at det er 100 år sidan boka «Folkemusikk i Gudbrandsdalen» kom ut.
Vågå Husflidslag	5.000 kr til kurs for barn og unge m.m. i samband med Håndverk+ 7.-10.6. 2018.
Dovrefestivalen	5.000 kr til konsert på Fredheim eldresenter 29.12. 2018.